



REFERAT SKMU 25.11.20.

5416 Stord Tlf. 53 40 96 30
Hystad.skule@stord.kommune.no

Dato: 25. november 2020

Til stades: Svenn Kåre Liodden, Ingebjørg Grøsvik, Trond Hystad, Ingvild Grov Skulstad, Marte Drange Haugland, Guro Lund, Line Hystad, Frøya Sørnes Fagertun (elevrådet), Mathea Kvam Myhre (elevrådsleiar), Frode Hammer (elevrådslærer), Pål Helland.

ONSDAG 25.11.20 KL. 19.15 – 20.00 I BIBLIOTEKET (Landskap I), HYSTAD SKULE

Referat frå forrige møte: <https://www.stord.kommune.no/fau-skmu-og-su-hystad-skule.542041.nn.html>

SAKER TIL SKULEMILJØUTVALET:

05/20 - 21: TL-PROGRAMMET Rektor orienterer om organiseringa av TL-programmet under koronapandemien.

06/20 - 21: HJARTESONE
Hjartesonemål på vekeplanen. Nytt Hjartesonemål ein gong i månaden. Opplever elevane at Hjartesonearbeidet er levande i klasserommet?
Storskulen krysser av kvar dag om dei vert kjørt, har sykla eller gått sjølv til skulen. Slik at dei vil få ein statistikk på dette. Dette vert overlevert rektor når det er fullført.
Det er enno tidleg, men elevane kjenner til Hjartesoneprogrammet.
Info frå FAU: Trafikkgruppa i FAU har fått innvilga 49 500 kr i samband med Hjartesonearbeidet.

07/20 - 21: UTEMILJØET PÅ HYSTAD SKULE
Korleis opplever elevane utemiljøet på Hystad skule?
Kva vil elevane at utemiljøet skal tilby? Kan Skulemiljøutvalet koma med ei bestilling på kva elevane ynskjer av faste leikeapparat og andre leiker/utstyr.
Det er fleire forslag for utemiljøet.

- Ei eller fleire basketkorger på skuleområdet.
- Fotballmåla treng nye nett.
- Nye leikeapparat rundt på skuleområdet.
- Nett mellom ballbinga og store fotballbanen for å stoppe fotballar som vert sparka over gjerdet på ballbinga.
- Klokke på tunet
- Fleire reiler
- Oppgradering av kunstgraset
- Utstyr for å spele musikk ute i friminutt ☐ Fasiliteter for teater og diskotek.
- Ta ei oppgradering på smashballer – vurdere å utnevne ein ansvarleg Info frå rektor om at elevrådet har anledning til å bruke egne midler til mindre tiltakt på skuleområdet.

Det vert informert at FAU vurderer foreldredugnad for oppgradering av skuleområdet.

Skulen har fått laga ei parkour-kulisse. Ein bør sjå på moglegheit for å få satt opp dette. Gjerne ved hjelp av foreldre.

08/20 - 21: YMSE

Nytte av skogen til leikeareal. Det bør lagast ei løype i skogen med ulike hinder. Også eit tiltak som bør kunne gjerast på dugnad.

Pål Helland (s)
Rektor